

Sogndal kommune  
Postboks 153  
6851 SOGNDAL



**Saksbehandlar:** Tom Arne Steinstad

**Vår ref.:** 2021/16627-1

**Dykkar ref.:**

**Bergen, 28.03.2021**

## Ny takst- og sonestruktur for buss i heile Vestland fylke

Vestland fylkeskommune har under utgreiing ny takst- og sonestruktur for buss i Vestland. I mandatet gitt av fylkesutvalet i samband med «Evaluering av sonereforma og vegen vidare» (fylkesutvalet 28.05.2020, PS 103/2020) stilte fylkesutvalet seg bak prinsippa og metodikk for utgreiinga.

Ny sonestruktur skal byggja på same prinsipp som for den modellen som blei innført i Hordaland i 2018.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) blei orientert om status i arbeidet 23. mars (RS 31/2021 – sjå vedlegg). Det er eit ynskje at alle kommunar som vert påverka av endringane skal få høve til å uttala seg om endringane.

Kriteria for val av modell er blant anna:

- Store geografiske soner, heilskapleg for heile fylke
- Naturlege sonegrenser (fjord, fjell, andre naturlege grenser eller områder der det bur få reisande), og unngå at reisande over sonegrenser får ein vesentleg høgare billettpris i høve til før omlegging
- Helst ikkje dele kommunar og spesielt skulekretsar
- Det må takast omsyn til skuleskyss, bustads- og arbeidsmarknadene og kvar dei store reisestraumane går
- Takst, type billettar og vilkår knytt til desse vil vere dei same i heile fylket etter omlegginga



Skyss ynskjer å få tilbakemelding frå kommunane på følgjande spørsmål:

1. Kva for modell A, B eller C meiner de er den beste med bakgrunn i kriteria for val av modell?
2. Kva er grunnen for at de meiner denne modellen er den beste?
3. Har de kommentarar til endringar i takst, reglar og vilkår knytt til desse?
4. Andre innspel?

Ei politisk sak om ny takst- og sonestruktur buss Vestland vert etter planen lagt fram for hovudutvalet 25. mai og i fylkesutvalet etter dette. Vi ynskjer difor svar på spørsmåla over seinast 20 april. Send svar og kommentarar til [harald.lie@vlfk.no](mailto:harald.lie@vlfk.no). Dersom de ynskjer dette er det og mogeleg å avtale møter med Skyss der vi kan orientere om alternativa som er utgreia samt svare på spørsmål de har. Ta kontakt med Harald Lie på +47 908 22 519 for nærmere avtale.

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø  
direktør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*